

Til naboar, partar og offentlege og
private høyringsinstansar

Dato: 10.02.2025

MELDING OM OPPSTART AV PRIVAT DETALJREGULERINGSPLAN


I medhald av Plan- og bygningslova (pbl.) §§ 12-1,12-2, 12-8 og 12-9 vert det varsla igangsetting av reguleringsarbeid for gnr. 273 bnr. 12 m.fl., Detaljreguleringsplan Myrkdalen Fjellandsby FK18, Voss herad. Iht. plan- og bygningslova §17-4 varslast det også om oppstart av forhandlingar om utbyggingsavtale parallelt med reguleringsplanen.

Forslagsstillar


Myrkdalen Fjellandsby AS er forslagsstillar. HLM Arkitektur er plankonsulent for planlegginga.

Planområde

Planområdet er avgrensa som vist på kartutsnittet nedanfor, og utgjør omlag 6,5 daa. Tilkomst er frå Riksveg 13. Planområdet grensar til fritidsbustadar, alpinområde og uteopphaldsareal. I sør ligg sentrum i Myrkdalen Fjellandsby med hotell og anna tenesteyting.



Forslag til plangrense



Forslag til plangrense vist saman med områdeplan

Føremålet med reguleringsplanen

Føremålet med planarbeidet er ynskje om å tilby heilårsbustadar i delar av fjellandsbyen, dette spesielt med tanke på folk som jobbar i fjellandsbyen. FK18 er regulert til konsentrert fritidsbustad. Det er ynskje om å endra dette til konsentrert bustad med sentrumsfunksjonar i sokkel/1. høgd. Ein vil også sjå på moglegheita for å kunna erstatta eksisterande brakkebygg med nye leilegheitsbygg.

Planstatus

Gjeldande områdeplan er Voss Fjellandsby (S1)_områdeplan, planid 123510003. Området er regulert til fritidsbustad konsentrert.

Konsekvensutgreiing

Planarbeidet er vurdert iht gjeldande forskrift om konsekvensutgreiing og det er vurdert til å ikkje utløysa krav om dette etter forskrifta §6 og 8.

Informasjon og medverknad

Varselbrev og varselkart vert sendt til partar det vedkjem, og er tilgjengeleg for nedlasting via Altinn og på HLM Arkitektur si nettside, www.hlm.no. For nærare informasjon kan HLM Arkitektur kontaktast på telefon eller e-post, sjå kontaktinformasjon under.

Oppstartsvarsel er også tilgjengeleg på Voss herad si heimeside under kunngjeringar.



Innspel til oppstartsvarselet

Innspel til planarbeidet kan sendast til HLM via Altinn, e-post eller per brev:

HLM Arkitektur
Stallgata 7
5700 Voss
tlf. 55 55 04 00

e-post:
brandseth@hlm.no

nett:
www.hlm.no

Alle mottekne dokument, merknader og liknande vert sendt til kommunen saman med planforslaget. Ver merksam på at kvart enkelt innspel ikkje vert svart ut direkte til merknadshavar, men vert vurdert, kommentert og handtert i sjølve plansaka gjennom planprosessen.

Frist for merknader er sett til 20.03.2025

Med venleg helsing
HLM Arkitektur
Marie Brandseth

Vedlegg: Referat frå oppstartsmøte
 Planinitiativ